

HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

c/o Viken Skog, Serviceboks 50, 3504 Hønefoss
Tlf.32103000, Faks 32103001

HG-NYTT
Nr.11 April 2008
Red. Nils Bjørn Vistad

Styremøte 06.04.08

Det vart halde styremøte i forkant av årsmøtet, med desse sakene: Årsmøtegjennomgang, godtgjering til styreleia (innspel frå Uvdal Grunneigarlag), møtegodtgjering generelt (innspel frå Villreinutvalet), uteståande kontingentar, avvikling av nettsida til "Inatur", deltaking i Fjelloppsynet, bladet "Villreinen", SNO og sleperegistrering, vara til Villreinutvalet og eventuelt.

Komplett referat ved kontakt til sekretær.

Årsmøtet 2008

Årsmøtet vart halde på Skinnarbu søndag 6. april, kl.11.00. Svakt frammøte.

I tillegg til vanlege årsmøtesaker vart det særleg fokus på sakene:

- * Fylkesdelplan for Hardangervidda (orientering ved Olav H. Opedal).
- * Revisjon av forvaltningsplanen (orientering ved Johan Vaa).
- * Eventuell deltaking i Fjelloppsynet.
- * Avvikling av heimeside på nettstaden "Inatur".
- * Aktuelt om villreinforvaltning (orientering ved Magne Torvetjønn).

Kit Hedegart Flaata (Uvdal) og Harald Bu (Ullensvang) attvald som leiar og nestleiar. Elles kom Knut Erik Jordstøyl inn i styret som ny leiar for Vinje HG.

Årsmøteprotokoll blir sendt alle medlemmer.

Villreinkvote hausten 2008

Ein var fyrst meint å ha ei kvote på 2000 dyr (25% frie, 45% simle/ungdyr og 30% kalv), men når telgjinga etter påske viste langt færre dyr enn det ein teoretisk meinte ein skulle ha, innstilte Villreinutvalet på ein reduksjon til 1.500 dyr.

Ein ser nå og at bestandsmålet som er fastsett i oppbyggingsplanen, ikkje vært nådd så fort som opprinneleg planlagt. Ein må ha noko lengre tid.

Med ei kvote på 1.500 dyr vil ein jakt innanfor normale rammer ta ut 450 – 600 dyr. Med utgangspunkt i ein forventa tilvekst på 1.700 – 2.000 kalv, vil dette gje ei forventa netto vekst i bestanden på om lag 800 dyr, etter at naturleg dødleghet er rekna med.

Leiar: Kit Hedegart Flaata, 3632 Uvdal. Tlf. 32 74 37 91, Mobil. 901 81 993

E-post: kitflaata@frisurf.no

Sekretær: Nils Bjørn Vistad, Viken Skog, Serviceboks 50, 3504 Hønefoss. Tlf: 32 10 30 00 Faks: 32 10 30 01
Mobil: 900 33 113 E-post: nils.bjorn.vistad@viken.skog.no eller nils.bjorn.vistad@c2i.net

Nettportalen ”Inatur”

HG har gjennom 4 år hatt ei heimeside på denne nettstaden. Opprinneleg var meininga å ha ei side der medlemmer med salgbare produkt kunne få lista opp namn og kontaktadresse.

”Inatur” er som kjent den største reine markedsførings- og salgskanalen for utmarksprodukt i Norge.

Då det etter så lang tid viser seg å vera null interesse, vil avvikling vera det einaste rette. Lars Læg Reid tok på årsmøtet til orde for at HG burde ha sitt eige domene (nettside).

Bladet ”Villreinen”

Dette bladet kom fyrste gong ut i 1986 og året si utgave er nr.23. Bladet er samstundes årbok for Villreinrådet i Norge, som omfattar alle villreinutval og villreinnemnder i landet.

Her er utruleg mykje interessant stoff forskning, statistikk, kultur og historie.

Dessverre er distribusjonen for dårleg og salet for lite. Det er fare for at bladet kan gå inn om ein ikkje får til ei betring på dette. HG har fått førespurnad om ein kan tenke seg å legge ved eit blad ved kvart løyvesalg (kort) og slik sett ”tvangsselge” bladet. Saka vart drøfta i HG-styret før årsmøtet i Tinn. Her konkluderte ein med å stille seg positiv til bladet ”Villreinen”, men at ein ikkje ynskjer å gå inn på eit opplegg med tvangssalg. ***Ein vil heller aktivt oppfordre jegerane til sjølv å kjøpe bladet Ut frå alt kulturstoffet burde bladet også ha mange leserar utanom jegerstanden!***

Brev til Direktoratet (DN) om forvaltningsplanarbeidet

I eit felles brev til DN, frå Tilsynsutvala i Buskerud, Telemark og Hordaland, Ordførarutvalet, SfH og HG, blir det fremma svært kritiske merknader til den månen Fylkesmannen i Hordaland har sluttformulert framlegg til forvaltningsplan.

Etter at partene har vorte meir eller mindre einige om tekst og formuleringar (på vanskelege punkter) ser ein likevel at sekretæren frå FM Hordaland har endra tekst og teke med seg problemstillingar m.v. som Arbeidsgruppa ikkje har drøfta.

I brevet til Direktoratet for naturforvaltning stiller ein fleire konkrete spørsmål ved denne arbeidsformen.

Medlemsinnspel blir etterlyst

Det er langt mellom kvar gong ein opplever innspel frå medlemmene, med synspunkter på saker og med førespurnad om saker Styret skal prioritere. Difor ei kort etterlysing om dette; ta kontakt med styremedlemmer eller sekretariat.

Nils Bjørn Vistad